

Kven kan ta kontakt med

Demenssjukepleiar?

Du kan sjølv kontakte demensjukepleiar dersom du opplever at det har oppstått eit problem med hukommelsen. Eller om du har fått diagnosen demens og ynskjer oppfølging vidare.

Du kan ta kontakt dersom du er pårørande til nokon som har problem med hukommelsen og ynskjer veiledning om korleis ein skal gå fram for å få hjelp. Eller om du er pårørande og sjølv ynskjer nokon å snakka med.

Synes du det er vanskeleg å ta kontakt sjølv, kan du få nokon andre til å ta kontakt for deg. Både heimesjukepleien og din fastlege kan formidle beskjed, så kan demenssjukepleiar ta kontakt med deg.

Du kan ta kontakt med demenssjukepleiar via telefon, SMS eller pr. e-post.

**DEMENSJUKEPLEIAR I
ETNE KOMMUNE ER**

ANITA GRAVELSÆTER

**Demenssjukepleiar har kontortid
kvar mandag, tirsdag, torsdag,
og fredag. Samt onsdagar i partalsveker.
mellom 08.00-15.00**

Telefon: 915 52 949 / 53 75 81 40

E-post:

Anita.Gravelsaether@etne.kommune.no

Demenssjukepleiar i Etne Kommune



*Eit tilbod til deg og dine
pårørande når det har
oppstått eit problem med
hukommelsen.*

Kva er demens?

Demens er ei felles nemning for ei gruppe hjernesjukdomar. Det fins ulike former for demens. Dei mest vanlege er alzheimers sjukdom og vaskulær demens. Sjukdommen utviklar seg gradvis og får som regel store konsekvensar både for pasient og pårørande.

Demens kan medføra symptom som svikt i hukommelsen, sviktande handlingsevne, sviktande språkfunksjon og endring av personlegdom og åtferd.

Personar som får demenssjukdom vil også kunne oppleva at ein blir meir trøtt enn ein har vore tidlegare og at det blir vanskeleg å planleggje og utføre daglegdagse oppgåver.

Demensutgreiing

Ved utgreiing av demens må ein gjere fleire undersøkingar som t.d blodprøvar og røntgen. Dette for å kunne utelukke andre tilstandar som kan gje kortvarige demenslignande symptom.

Ein del av demensutgreiinga består av kognitive testar. Dette er spørjetestar med nokon enkle skriveoppgåver. Det er også nokon av spørjetestane som er laga for dei pårørande.

Demenssjukepleiar i Etne Kommune er koordinator for det kommunale Hukommelsesteamet. Hukommelsesteamet bistår fastlegane i kommunen med utgreiing av demens. Spørjetestane kan då tas heime hjå pasienten, eller på kontoret ved Etne Omsorgssenter.

Demensutgreiing er viktig for å kunne utelate andre sjukdomar, og for å sikra rett diagnose. Fastsett diagnose gir høve til iverksetjing av tiltak som praktisk hjelp i heimen, heimesjukepleie og korttidsopphald i sjukeheim.

Demenssjukepleiar

- Tilbyr heimebesøk. Samtale, kartlegging og oppfølging i heimen.
- Avlastning for pårørande.
- Koordinerer kommunalt Hukommelsesteam
- Utfører saman med hukommelsesteamert kartlegging og utgreiing ved mistanke om demens.
- Gir råd og veiledning til personar med demens og til deira pårørande.
- Samarbeidar med fastlegane
- Samarbeidar med andre aktuelle instanser i kommunen og i spesialisthelsetjenesten
- Tilbyr hjelp til søking av kognitive hjelpemidler
- Deltar i interkommunalt Hukommelsesteam